



Arkivnr: 2014/323-306

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		03.06.2014
Fylkesutvalet		19.06.2014

Bergen Filharmoniske Orkester - 250-årsjubileum – eventuelt tilskot frå fylkeskommunen

Samandrag

Hordaland fylkeskommune mottok søknad av 26.mars frå Stiftelsen Harmonien/Bergen Filharmoniske orkester. Dette er ein søknad som er kompleks og inneheld mange delprosjekt knytt til jubilumsferinga. Det vert søkt om til saman kr. 1,8 mill.

Adm. direktør i Harmonien Bernt E. Bauge hadde presentasjon av jubileumsprogrammet i Kultur- og ressursutvalet 16.04.2014.

Bergen Filharmoniske Orkester si drift som nasjonalorkester er finansiert over løyvingar frå Kulturdepartementet. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune får tid til annan søknader om å bidra til spesielle satsingar som m.a. utanlandsturnéar. Dei ekstraordinære kostnadene for jubileumsåret gjer det naudsynt med private og ytterlegare offentlege bidrag for å kunne realisere ambisjonane.

Stiftelsen Harmonien får kvart år bidrag frå private sponsorar og stiftingar, og dei har i opptrappinga fram mot jubileet generert til saman 26 millionar kroner fordelt over perioden 2012-2017 frå private bidragsytarar.

Feiring av 250 års jubileet er ei ekstraordinær hending som krev ekstraordinær satsing. Jamvel om Bergen Filharmoniske Orkester er 100 % statleg finansiert har fylkeskommunen ved fleire høve gjeve mindre tilskot etter søknad frå orkesteret. Fylkesrådmannen meiner det er naturleg at fylkeskommunen – i samband med det 250-årsjubileet – gjev eit bidrag. Orkesteret er eit av dei ti eldste symfoniorkestra i verda og har spesielt dei siste åra fått ein posisjon som eit av dei beste symfoniorkestra i Europa. Det vil vere positivt om Hordaland fylkeskommune også bidreg økonomisk til å markere jubileet. Dette vil setje orkesteret i stand til å markere seg sterkare både i regionen, Noreg og i utlandet og utvikle seg vidare. I tillegg vil det gje god profilering av Hordaland og Bergen.

Orkesteret ønskjer også å bruke jubileet som eit høve til å utvikle seg og å utvikle nye, unge musikarar og nytt publikum.

Søkjar har delt søknaden inn i 5 delar:

1. Diverse prosjekt retta mot barn og unge/nytt publikum.
Samla søker dei om støtte for desse tiltaka i jubileumsåret 2015 på 1 000 000 kroner.
2. Bergen filharmoniske Ungdomsorkester
Det søkjast her om årleg driftstøtte på 300 000 kroner f.o.m. 2015
3. Regional turnering

- Det søkjast her om 200 000 kroner
4. Representasjonsprosjekt, nasjonalt og internasjonalt
Det søkjast her om støtte på 300 000 kroner
5. Jubileumsprodukt(CD og bok)
Dei inviterer her fylkeskommunen om å kjøpe inn eit antal av desse produkta.

Punkt 2 må takast opp igjen i budsjettsamanheng. Dette involverer samarbeid med Ung Symfoni, Griegakademiet og Barratt Dues musikkinstitutt og fleire private og offentlege partar finansielt. Dette krev nærmere vurdering og dialog og vil ikkje verte omtala i denne saka.

Punkt 5 vil fylkesrådmannen handtere administrativt.

Det skal også nemnast at Hordaland fylkeskommune saman med Bergen kommune og staten har sytt for finansiering av rehabilitering av Grieghallen – indirekte er dette også ei jubileumsgåve til Bergen filharmoniske orkester.

Fylkesrådmannen finn det som nemnt naturleg at fylkeskommunen gjev eit samla tilskot. Om fylkesutvalet er samd i denne vurderinga, ber eg fylkesutvalet avgjere tilskotssummen. Fylkesrådmannen ber fylkesutvalet vurdere saka og finne kor stor stønad det eventuelt skal gjevast.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune løyver kr som eit samla tilskot til jubileumsåret for Bergen filharmoniske orkester slik det er omtala i punkt/del 1,3 og 4 i søknaden.

Budsjettet vert endra slik;

Konto 10.400.735.00.14700 Tilskot til andre kulturføremål aukar med kr

Konto 10.720.200.00.14900 Til rådvelde for fylkesutvalet går ned med kr

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 22.05.2014

Utdrag fra søknad:

1.Prosjekt retta mot nytt publikum/barn og unge

Her tenker vi på prosjekter som på en særlig måte bygger fremtiden som vender seg mot et nytt publikum, og da spesielt barn og unge. Det er viktig for orkesteret å styrke forbindelsen med Bergen og Hordalands befolkning i bred forstand.

- a. **Digitalkonsertsal:** Som det første symfoniorkester i Norge etablerer vi i sesongen 2014/15 en digital konsertsal i Grieghallen. Konkret betyr det installasjon av faste kameraer og mikrofoner i Griegsalen slik at konserter kan tas opp og strømmes via web i lyd og bilde til publikum som av ulike årsaker ikke kan oppsøke konsertene selv. (...) Selve investeringene i teknisk utstyr besørges av Stiftelsen Kristian Gerhard Jebsen, og tilretteleggingen infrastrukturmessig forestås av Grieghallen as. (...) søker om et engangstilskudd for 2015 på kr. 250.000,- til igangsetting og første års drift.
- b. **Jubileums-00ID (app):** I samarbeid med det Bergensbaserte selskapet Muslt produserer og utvikler vi en nyvinning - en nedlastbar app kalt 00ID som vil gi publikum en helt ny og interaktiv måte å oppleve musikk. Appen vil inneholde video, musikk innspilt på flere spor, animasjon og interaktivitet. (...)
- c. **Orkesteret på byen:** Orkesteret vil i jubileumsåret være mer synlig i bybildet. (...) I opptrappingen til sesong 250 vil vi ikke bare invitere byens befolkning til gratiskonsert på Torgallmenningen i august (bekostet av Trond Mohn), men i september 2014 gjøre oss synlige på ulike steder i byen, som kjøpesentre, bibliotek og andre knutepunkt.
- d. **Symfonisk maraton:** Bergen Filharmoniske Orkesters historie faller for en stor del sammen med symponiens historie. Det faller derfor naturlig også å feire symfoniformen i jubileumsåret og at vi lar publikum få høre hvordan orkesterets kjerneprodukt har utviklet seg. Dagen deles opp i flere konserter i kombinasjon med introduksjoner, workshops og foredrag, ispedd muligheter for servering. (...) Vi ønsker å involvere flere av byens ensembler og orkestre for å vise et bredt mangfold denne dagen, og BIT20 Ensemble vil være en selvsagt del av det hele. Ikke minst vil denne konsertdagen kunne bli en debut for Bergen Filharmoniske Ungdomsorkester. Vår nye sjefdirigent Edward Gardner vil ha en sentral rolle gjennom dagen.
- e. **Familiekonserter:** Orkesterets familiekonserter har lang tradisjon og i jubileumssesongene presenterer vi seks spesielle lørdagskonserter som på en særlig måte er rettet mot barn og unge.
- f. **«Bli inspirert»:** Vårt formidlingsprogram overfor 6. klassetrinn på alle skoler i Bergen fortsetter, finansiert gjennom DKS/Bergen kommune. Dette suppleres nå med en tilleggssatsning overfor 2. klassetrinn (bekostet av Trond Mohn).
- g. **Fantasia:** Walt Disneys folkekjære filmklassikere passer for alle fra 5 til 90. Vi ønsker å presentere filmen sammen med fullt orkester i Grieghallen i mai 2015. Gjennom filmen får vi presentert orkesterets kjernerepertoar på en underholdende måte.
- h. **Score:** Regionen har et stort dataspillmiljø, og spillmusikk er en egen genre som vi ønsker å presentere i en egen konsert kalt «Score» i mars 2015.
- i. **Jubileums-utgivelse i form av cd eller nedlasting:** Bergen Filharmoniske Orkester er Nordens mestinnspillende orkester og har bare i løpet av de fem siste årene gitt ut over 30 innspillinger som publiseres i ulike formater; cd og nedlasting. Vi har et ønske om å samle høydepunkter fra våre innspillinger på en cd/nedlasting som en gave til byens/regionens befolkning. Vi søker ikke fylkeskommunen om særskilt støtte til dette prosjektet, men viser til eget punkt nedenfor om invitasjon til innkjøp.

- j. **Nystemt gave til alle nyfødte:** I samarbeid med Helse Bergen og Helse Vest ønsker vi å gi en nedlastbar musikalsk gave til alle nyfødte og deres foreldre. Dette vil være dertil egnet musikk spilt inn av Bergen Filharmoniske Orkester. Dette punktet nevnes t.o.

Samla søker dei om ei støtte til desse tiltaka under punkt 1 på 1 000 000 kroner.

2. Bergen Filharmoniske Ungdomsorkester

Stiftelsen Harmonien arbeider no med ein plan om etablering av eit ungdomssymfoniorkester - drive av dei. Dette skjer i samarbeid med Ung Symfoni, Griegakademiet og Barratt Dues musikkinstitutt. Der er eit ønskje om å kunne lansere dette nye orkestret og orkesterakademiet i jubileumsåret Dei søker årleg driftsstøtte frå fylkeskommunen på 300 000 kroner frå og med 2015 til dette. Det er også sendt ein separat og meir utfyllande søknad om dette tiltaket. Som nemnd i innleiinga vil ein ikkje ta stilling til dette her, men kome tilbake til saka og søknaden i budsjettsamanheng.

3. Regional turnering

Bergen Filharmoniske Orkester er Bergen og Vestlandet sitt nasjonale orkester, og ønskjer og har plikt til å presentere seg og si kunstform på arenaer i regionen. Dei har ein særskild samarbeidsavtale med Sogn & Fjordane fylkeskommune, og planlegg turnar i det fylket i tre veker i løpet av 2014 og 2015.

Når det gjeld Hordaland har dei følgjande planar: *Innenfor Hordaland fylke besøker vi Oseana jevnlig, og vi har avtale om konsert både i 2014 og 2015. I 2015 blir det en særlig stor satsning, med Alexander Polzins nye visualisering på storskjerm av Grieg/Ibsens Peer Gynt. Hardingtonar er fast innslag i vår sesongplan, og i 2015 vil vi stå for en særskilt begivenhet med premieren på en rekonstruksjon av Geirr Tveitts tredje klaverkonsert. Vi gjester Hardanger Musikkfest i 2014 som en opptakt til vårt jubileum.*

Det er svært kostbart å ha eit slikt stort orkester på turné, og dei bed difor om ei ekstrordinær støtte til regional turnering i jubileumsåret 2015 på 200 000 kroner.

4. Representasjonsprosjekt

Orkesteret har opparbeidd seg ein sterk posisjon i utlandet, og dei ønskjer å markere seg også i jubileumsåret, og kommune/fylkeskommune vert invitert til å delta med representasjon. Fleire alternativ er under utgreiing, men følgjande hovudsteder er klare:

Nasjonalt: Gjestespel i Oslo, Operaen april 2015

Nordisk: Gjestespel i Göteborg og København, november 2015, med ny sjefdirigent Edward Gardner.

Internasjonalt: Gjestespel i London, Amsterdam, Dublin, august 2015, med sjefdirigent

Andrew Litton. Gjestespel Bad Kissingen Festival, juni 2015, med Eivind Aadland som dirigent.

Samla kostnad for nasjonal og internasjonal turnering i jubileumsåret vil kome på til fleire millionar kroner, som finansierast frå fleire parter, og dei ber også fylkeskommunen om bidrag på 300 000 kroner til dette.

5. Jubileumsprodukt/gaveprodukt

I høve jubileet vert det utgjeve *Harmoniens beskrivelse* av poeten Erlend Nøttvedt, historisk jubileumsbok og jubileums-CD. Hordaland fylkeskommune vert invitert til å kjøpe inn eit antal av desse produkta.

Fylkesrådmannen vurderer dette som eit administrativt spørsmål om ein skal kjøp ein eit antal av dette.